

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Sbh.	Saknr
Utval for drift og utvikling	19.06.2012	HKD	059/12
Utval for drift og utvikling	18.06.2013	HKD	047/13

Avgjerd av: Utval for drift og utvikling	Ansv.	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksbeh.: Hans Kristian Dolmen	HKD	GBNR-40/8, N-511	12/974

KLAGE PÅ VEDTAK I SAK UDU 059/12 - DISPENSASJON FOR FERDIGSTILLING AV PLANERINGSFELT

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	08.05.2012	Davy Espetvedt	VS: JORDTIPP - ESPETVEIT - SØKNAD OM DISPENSASJON GNR. 40, BNR. 8.
2	I	08.05.2012	Davy Espetvedt	VS: JORDTIPP - ESPETVEIT. TILLEGGSSOPPLYSNINGAR.
4	I	18.06.2012	Moldekleivmarka Vel v/Roger Børve Olsen; Heiane Vel v/Rune Brakstad; Nordre Austebygd Vel v/Rune L. Skår	VS: JORDTIPP PÅ ESPETVEIT - MERKNAD.
5	U	20.06.2012	Davy Espetvedt	SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN FOR UTVIDING AV JORDTIPP PÅ ESPETVEIT, GNR 40 BNR 8.
6	I	03.07.2012	Davy Espetvedt	VS: JORDTIPP GNR 40/8 - ESPETEVEIT
8	I	10.08.2012	Davy Espetvedt	KLAGE PÅ VEDTAK I SAK UDU.059/12 - DISPENSASJON FOR ETABLERING AV JORDTIPP.
7	I	04.09.2012	Hans Kristian Dolmen	VS: GBNR-40/8, N511 ARKIVSAKNR. 12/974 SAKNR.059/12

Vedlegg

- Klage på vedtak
- Saksframlegg sak 059/12

Saksutgreiing:

Meland kommune har i skriv innstempla 10.08.2012 motteke klage på vedtak i saknr. 059/12 den 19.06.2012. Søknaden kom inn innafor fristen for klage og er fremja av søkjar / eigar.

Vedtak som er påklaga:

UDU-059/12 SAMRØYSTES VEDTAK:

”Utval for drift og utvikling avslår i medhald av plan- og bygningslova § 19-2, jf § 11-6, søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel om jordtipp på Espetveit av omsyn til trafikkale forhold.”

Klagens innhald

Eigar driv småbruk på Espetveit og har hatt ein langvarig prosess og dialog med landbrukskontoret om bakkeplanering på eigedomen. Med bakkeplanering i denne saka meinast tilkøyring av masse og ei forbetring av jordbruksareala. Signal frå kommunen har vore at eit slikt prosjekt skulle ha ei relativ kort tidsramme.

I 2009 vart det klargjort for mottak av masser, men desse vart ikkje levert og eigar stod med eit påbegynt arbeid. Då prosjekt ”Skarpenesvegen” kom i gang, byrja reelt sett tilføringa av masse til eigedomen, men det har ikkje vore nokon jamn leveing. Etter oppstart og mottak av ein del masser vart det ikkje gjort nokon jamn levering.

Målsetjinga har vore å få omarbeidd smålåtne areal frå beite til fulldyrka mark som kan gje betre grunnlag for drift av eit småbruk. Største utfordringa no er å ha ståande eit halvferdig prosjekt som gjer driftssituasjonen vanskeleg. Eigar ønskjer å få ferdigstilt prosjektet med ei klar og føreseieleg ramme for transport til eigedomen.

Eigar føreslår at det omsøkte volumet på inntil 22000m³ kan verte tilkøyrert i inntil 3-4 bolker med transport. I mellom kvar bolk må massane bearbeidast og omplasserast på eigedomen.

Endra tilhøve

Det er to tilhøve som har gjort at saka har vorte liggjande på vent. Det eine har vore å sjå resultatet av dei søknadene og alternative løysingane som Walde Utvikling har fremja knytt til GS-veg langs Ådlandsvegen. Det andre har vore ei avventing for å sjå kva slags rammer som Nordhordalandspakken vart tildelt i Nasjonal transportplan (NTP).

Når det gjeld Walde er deira framlegg for mellombels løysing langs vegen avslått av Meland kommune og det er tydeleggjort at kravet om GS-veg langs vegen frå Litlebergen til Grasdal skule må oppfyllest. Firmaet driv framleis og arbeider med løysing, men er ikkje komen med nye framlegg.

Når det gjeld NTP som vart presentert i april, er det så langt ikkje satt av ei krone til planlegging eller realisering av Nordhordalandspakken. Det gjer at fleire tiltak i regionen og alle større tiltak langs Ådlandsvegen vert sett på vent eller må finne si løysing enten gjennom samarbeid eller ei mellombels løysing.

Vurdering:

Utval for drift og utvikling har gjort klare vedtak knytt til Ådlandsvegen tidlegare. Endringa og utfordringa i sakstilhøvet no gjeld tiltak som det ikkje ligg rekkjefølgjekrav til i plan, og der det helst bør kunne gjevast ei rettleiing om korleis søkjar skal retta seg for eventuelt å få gjennomført sine planar om tiltak. Vidare at grunngjevinga for avslag bør presiserast med ein heimel. Denne søknaden, og klagen på avslaget vil heller ikkje vere siste saka knytt til Ådlandsvegen.

Plantilhøve

Den delen av Ådlandsvegen som er regulert og er knytt opp til Nordhordalandspakken stoppar ved avkøyringa til Skarpenesvegen. Trafikktryggingstiltaka og vegutvidinga, men det er ikkje sett av midlar til verken prosjektering eller gjennomføring så langt. Det er difor heilt uavklart når arbeidet vil ta til. Vidare er det naudsynt med ei avklaring kring den nordlege delen av Ådlandsvegen og alle andre tiltak. Dette fordi ein må ha heimel til avslag, og slik vedtaket no er utforma bør det presiserast.

Om søknaden

Saka gjeld ein dispensasjonssøknad frå LNF-føremålet. Det eine av tre sentrale tilhøve er om søknad vesentleg set tilside planføremålet eller føremål ved lova, jf pbl § 19-2, 1.ledd. Tiltaket har som mål å forbetre driftsgrunnlaget og bryt ikkje vesentleg med føremålsføresegna. Det andre tilhøvet er om fordelane ved gjennomføring er større enn ulempene, jf pbl § 19-2, 1.ledd. Tidlegare handsaming peikar på dei positive effektane for drifta av dette bruket og eigar, men ulempa ligg knytt til gjennomføring, dvs. transport. Ein er då over på det tredje tilhøvet som gjeld eventuelle verknader for helse, miljø, tryggleik eller tilgjengelegheit, jf pbl § 19-2, 2.ledd.

Om tidlegare vedtak og grunngjeving

Ved gjennomgang av klagen og dermed saka på nytt ser administrasjonen at grunngjevinga (trafikkale forhold) og utforminga av tidlegare vedtak er noko utfordrande. Grunngjevinga er generell og kan prinsipielt nyttast på alle vegar, alle stader. Spørsmålet er om klageinstansen vil kunne definere dette som eit utanforliggende omsyn. Skal vedtaket oppretthaldast bør det utdjupast og presiserast mellom anna fordi det i til dømes er to tilkomstvegar til den omsøkte eigedomen.

Alle veit og har forståing for at det skal takast trafikkomsyn, men rekkjefølgjekrav i reguleringsplanen for til dømes planområde "Sundet" kan ikkje nyttast som heimel for å gje avslag i denne saka. Da det ikkje er føringar i verken arealplan eller reguleringsplan må ein sjå til generelle rammer i plan- og bygningslova.

Situasjonen kan illustrerast ved at når søknad om dispensasjon ikkje bryt vesentleg med planføremål, og i tillegg har klare fordelar, kan det berre gjevast avslag grunngjeven med "trafikkale omsyn" når dei utgjer slik ulempe at den er vesentleg for helse, miljø og tryggleik. Prinsipielt vil det då gjelde for alle søknadar om dispensasjon som gjeld arealbruk og fører med seg auke i trafikk.

Dersom ein ønskjer å knyte grunngjevinga "trafikkale omsyn" til eit tiltak, tolkar administrasjonen det slik at det kan gjerast til sakstilhøve som ikkje treng dispensasjon (er i tråd med plan), men som har ei ulempe utanfor eller som ein effekt av sjølve tiltaket. Slik ramme og heimel finst i knytt til sikring av tiltak, jf pbl 28-2.

§ 28-2. Sikringstiltak ved byggearbeid mv.

Bygge- eller rivingsarbeid, graving, sprenging eller fylling kan ikke igangsettes uten at de ansvarlige på forhånd har truffet nødvendige tiltak for å sikre mot at skade kan oppstå på person eller eiendom, og for å opprettholde den offentlige trafikk.

Utfordringa, dersom ein gjer val om å heimle avslag med denne knytinga (trafrikale omsyn) er at det må gjelde for alle tiltak. Vilkårlege val vil vere forskjellshandsaming. Administrasjonen har på noverande tidspunkt ikkje funne anna heimel med relevans til sakstilhøvet.

Transportvolum

Søkjjar sitt framlegget til ramme for transport kan vere ein veg å gå og det kan gjevast løyve med vilkår om korleis tiltaket vert løyst. Til dømes vil det for det tidlegare omsøkte volumet på 22000m³ seie at med eit snitt på 15m³ pr lass og 26 lass om dagen fyller det omsøkte volumet med 4 bolker av 14.

Tilretteleging og utsjånad (estetikk)

Administrasjonen er samd med søkjjar i at det påbegynte planeringsarbeidet bør ferdigstillast. I sum er dette planeringsarbeidet viktig for å betre dyrkingsgrunnlaget på dette småbruket og det er uheldig at arbeidet vert ståande halvvegs eller får ei utforming som er lite teneleg for eigar.

Konklusjon/oppsummering:

Administrasjonen ser to sider ved saka. Ein er i utgangspunktet positiv til at det kan gjennomførast jordforbetring i større og mindre målestokk på jordbruksareal i kommunen. Samstundes er det knytt utfordringar til gjennomføring med tanke på transport og tryggleik langs smale vegar.

Administrasjonen meiner at det vil vere ein gevinst å definere planeringssaker av denne typen som tiltak og om naudsynt med søknad om dispensasjon. Det gjev opning for å setje vilkår og følgje opp sakstilhøva på ein betre måte for alle partar, og bør innarbeidast i retningslinene til revidert arealplan.

Administrasjonen meiner at det påbegynte planeringsarbeidet bør ferdigstillast. Med den informasjonen ein sit med no om framleis uavklarte tilhøve knytt til utbetring av Ådlandsvegen, finn administrasjonen det rett å fremje om lag same framlegg til vedtak som tidlegare.

Dersom tidlegare vedtak skal oppretthaldast, bør uansett vedtaket presiserast i høve til dei tilhøva som er nemnd ovanfor, før vedtaket vert sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjer.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

”I medhald av plan- og bygningslova § 19-3 godkjenner Utval for drift og utvikling søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel gjeldande gnr 40 bnr 8 på Espetveit.

Dispensasjonen gjeld både i høve til planføremål og for planlagde tiltak. Søknad om utviding (volum) og avslutning av jordtipp (planeringsfelt) på eigedomen vert godkjent på følgjande vilkår:

1. Godkjenninga er ein mellombels dispensasjon og har ei varigheit på 3 år (til og med 01.06.2016).
2. Denne type terrengarbeid er søknadspliktig og før tiltaket kan gjennomførast må søknad godkjennast, jf pbl § 20-1.
3. Som ein del av godkjenninga av tiltak skal det utarbeidast ein transportplan for tilkøyringa av masse til eigedomen. Tidspunkt og frekvens for transport skal ta omsyn til mellom anna tidspunkt for bringing/henting til skule og barnehage
4. Dispensasjonen gjeld for eit volum på inntil 22000 m³.
5. Som ledd i å førebyggje uønska verknader på naturmangfaldet skal det etablerast barriere mot avrenning. Opparbeiding av barriere med silduk som skildra i søknad skal etablerast før tiltaket gjennomførast.
6. Areal som vert avslutta i høve til framdriftsplan skal tilsåast etter kvart.
7. Grunngeving:
 - a. Når det gjeld tilhøve knytt til sjølve dispensasjon syner UDU til vurderinga ovenfor
 - b. Når det gjeld saka sitt tilhøve til naturmangfaldlova syner UDU til vurderinga ovanfor, og at gjennomgangen er gjort i høve til rettleiing gjeve av Milljøverndepartementet, jf mottekne skriv 17.10.2011.”

18.06.2013 UTVAL FOR DRIFT OG UTVIKLING

Administrasjonen orienterte om omsøkt tiltak.

Framlegg til vedtak frå Anne Grete Eide, AP:

” Utval for drift og utvikling viser til innkomen klage d. 10.08.2012 og finn at det ikkje er kome fram nye opplysningar/moment som gjev grunn til å endra på UDU.vedtak 059/12.

Klagen vert derfor ikkje teke til fylgje.

UDU opprettheld vedtak i sak 059/12 av omsyn til følgjande traffikale tilhøve på Fv 245:

- Usikra skuleveg
- Manglande gå-/sykkelveg
- Vegen vert nytta ved fritidsaktivitetar for born og vaksne
- Smale og uoversiktlege parti, få møteplassar
- Tungtransport vil forværre situasjonen.

Klagen vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd.”

Ved røysting fekk administrasjonen sitt framlegg til vedtak 3 røyster for, 6 i mot (H 1, AP, MDG, V, SP) og fall.

Framlegg til vedtak frå Anne Grete Eide, AP, fekk 6 røyster for, 3 i mot (FRP, H 1) og er såleis vedteke.

UDU-047/13 VEDTAK – MOT 3 RØYSTER:

”Utval for drift og utvikling viser til innkomen klage d. 10.08.2012 og finn at det ikkje er kome fram nye opplysningar/moment som gjev grunn til å endra på UDU.vedtak 059/12.

Klagen vert derfor ikkje teke til fylgje.

UDU opprettheld vedtak i sak 059/12 av omsyn til følgjande traffikale tilhøve på Fv 245:

- Usikra skuleveg
- Manglande gå-/sykkelveg
- Vegen vert nytta ved fritidsaktivitetar for born og vaksne
- Smale og uoversiktlege parti, få møteplassar
- Tungtransport vil forværre situasjonen.

Klagen vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd.”

Rett utskrift

Dato:

Kopi til:

Davy Espetvedt
Fylkesmannen i Hordaland Justis- og
forvaltningsavd.



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marianne Sandvik, 55 57 21 04

Vår dato
02.09.2013
Dykkar dato
20.06.2013

Vår referanse
2013/8747 423.1
Dykkar referanse
12/974

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Meland - Gnr 40 bnr 8 – Klage på avslag til søknad om dispensasjon til jordtipp på Espetveit

Vi viser til oversending av ovannemnde sak, motteke av Fylkesmannen i Hordaland den 20.06.2013.

Vedtak

Fylkesmannen opphevar Meland kommune v/utval for drift og utvikling sitt vedtak datert 19.06.2012, sak UDU. 059/12.

Bakgrunn for saka

Meland kommune v/utval for drift og utvikling gav i vedtak datert 19.06.2012, sak UDU. 059/12, avslag til søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel. Vedtaket vart klaga på av Davy Espetvedt i brev datert 10.08.2012 etter utsatt klagefrist.

Klaga vart handsama av Meland kommune v/utval for drift og utvikling i møte den 18.06.2013, sak UDU. 047/13, men klaga vart ikkje teken til fylgje. Saka vart etter dette sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Når det gjeld saka i sin heilskap, viser vi til dokumenta i saka, som vi føreset at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova (fvl) § 17 første ledd.

Fylkesmannen si vurdering

Forvaltningslova gjeld for sakshandsaminga hos Fylkesmannen, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 1-9 første ledd. Fylkesmannen har kompetanse til å prøve alle sider av saka, under dette også nye omstende, jf. fvl § 34 andre ledd.

Området der tiltakshavar ønskjer å plassere jorda er i kommuneplanen sin arealdel avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF). Føremålet med å setje av område til LNF er å sikre område for landbruksproduksjon, medrekna jordbruk og skogbruk, og/eller sikre at det vert liggjande som naturområde med særskilt verdi for friluftslivet. Av forarbeida til plan- og bygningslova følgjer det at «[d]ette er arealer som i det vesentlige skal være ubebygget, eller bare bebygget i tilknytning til landbruk.»¹

¹ Ot.prp. nr. 32 (2007-08) s. 215

Viss eit tiltak etter plan- og bygningslova er i strid med føresegner fastsatt i eller i medhald av plan- og bygningslova, kan ein søke om dispensasjon frå den aktuelle føresegna, jf. pbl § 19-2. Det må såleis vurderast kor vidt det omsøkte i dette tilfellet er i strid med LNF-føremålet.

Tiltakshavar skriv i søknad om dispensasjon datert 07.05.2012 følgjande:

«Hensikten [med jordtipp] er å tilføre jordmasser for å tilstrebe fulldyrket areal, samt forme terrenget slik at det egner seg betre for maskinell høsting.»

Formålet med det omsøkte tiltaket er såleis å tilføre massar for å forbetre grunnlaget for å drive jordbruk.

Fylkesmannen kan på bakgrunn av det ovannemnde ikkje sjå at det omsøkte tiltaket i dette tilfellet er i strid med LNF-føremålet. Det er såleis ikkje nødvendig å vurdere dispensasjon frå pbl § 11-7, jf. § 11-6.

På bakgrunn av det ovannemnde finn Fylkesmannen å måtte oppheve Meland kommune v/utval for drift og utvikling sitt vedtak av 19.06.2012, sak UDU. 059/12.

Fylkesmannen sitt vedtak på side 1 er endeleg og kan ikkje klagast på, jf. fvl § 28 tredje ledd.

Meland kommune v/utval for drift og utvikling grunnjev kravet om å søke om dispensasjon med at det omsøkte tiltaket har fått eit omfang og varigheit som gjer at ein finn det naudsynt med ei planfast handsaming.

Fylkesmannen gjer merksam på at for det tilfellet kommunen meiner at eit omsøkt tiltak er eit større bygge- og anleggstiltak *«som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn»*, kan ein krevje reguleringsplan før tiltaket kan godkjennast, jf. pbl § 12-1 tredje ledd.

For det tilfellet kommunen ikkje finn grunnlag for å krevje reguleringsplan etter pbl § 12-1 tredje ledd, må tiltakshavar søke om løyve til jordtipp og planering etter pbl § 20-1 første ledd bokstav k) *«vesentlig terrenginngrep.»* Då må også *«[s]øknad, prosjektering, utførelse og kontroll av tiltak som nevnt i første ledd (...) forestås av foretak med ansvarsrett,»* jf. pbl § 20-1 andre ledd. Det er etter dette opp til den ansvarlege å sikre ei forsvarleg gjennomføring av tiltaket, blant anna ved å ta tilstrekkeleg omsyn til trafikksikkerheit, jf. pbl § 28-2.

Med helsing

Laila Pedersen Kaland e.f.
seniorrådgjevar

Marianne Sandvik
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Davy Espetvedt Ådlandsvegen 529 5918 FREKHAUG